



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Vår ref.: 2017/27

Dykkar ref.: 2017/3534

Dato: 15.5.2017

Genmodifisert sprøytemiddelresistent mais GA21 x T25 til import, prosessering, mat og fôr

Bioteknologirådet har motteke brevet frå Miljødirektoratet datert 28.3.2017, som gjeld søknad EFSA-GMO-DE-2016-137 om godkjenning av maissorten GA21 x T25 frå Syngenta under mat- og fôrforordninga i EU. Miljødirektoratet har bedt Bioteknologirådet om ei vurdering av søknaden og om spørsmål som gjeld berekraft, samfunnsnytte og etikk som eventuelt kan stillast til søkjaren.

I maisen er det sett inn to gen som får planten til å produsere protein som gjer han resistent mot sprøytemiddel med glufosinat-ammonium og glyfosat. Maissorten er godkjend for dyrking i Canada og USA.

Etter genteknologiloven skal ein GMO ikkje skade helse og miljø for å bli godkjend i Noreg. Det skal òg leggjast vesentleg vekt på om GMO-en er samfunnsnyttig, etisk forsvarleg og bidreg til berekraftig utvikling, og Bioteknologirådet har eit særleg ansvar for å vurdere dette. Fordi berekraft skal vurderast langsiktig og globalt, er tilhøva i produksjonslanda òg relevante.

Eit samrøystes Bioteknologiråd meiner at det ikkje samsvarer med vurderingskriteria berekraft og etikk å godkjenne genmodifiserte plantar som er resistente mot sprøytemiddel med det helse- og miljøfarlege verkestoffet glufosinat-ammonium. Å stille fleire spørsmål til søkjaren no vil ikkje gi avgjerande ny informasjon.

Bioteknologirådet rår til at Noreg forbyr maissorten GA21 x T25 til import, prosessering, mat og fôr.

Med helsing

Kristin Halvorsen
leiar

Ole Johan Borge
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Kopi: Klima- og miljødepartementet